



Norges
vassdrags- og
energidirektorat

NVE

INTEKJENN DISTRIBUSJON 8 Svein S. Pedersen
Knut Stabell
Ton Kim Lund
Otto Holmedal
Axel Tonjer

~~19.11.1999 (P. v. v. v.)~~

Olje- og energidepartementet
Postboks 8148 Dep.

0033 OSLO

Vår dato: 12.05.1999

Vår ref.: NVE 9703043-162 ek/bgu

Arkiv: 912-513.1

Dykkar dato:

Dykkar ref.:

Statnett SF

SAKS.NR.: 95/1024	DOK.NR.: 447
REG. DATO: 18 MAI 1999	AVD./SAKSBEH.: TM/MMA
BEHANDLET: TE 18/5-99	Sign. <i>[Signature]</i>
Måte	Dato Sign.

18/5-99 *[Signature]*

Middelthuns gate 29

Postboks 5091, Majorstua
0301 OSLO

Telefon: 22 95 95 95
Telefaks: 22 95 90 00
E-post: nve@nve.no
Internett: www.nve.no

Org.nr.:
NO 970 205 039 MVA
Bankkonto:
0827 10 14156

Sakshandsamar:
Bjarte Guddal
22 95 93 85

Statnett SF
420 kV leidning Skåreheia - Holen kraftstasjon
NVE sitt vedtak av 14.01.1999 – klager

Vi viser til NVE sitt konsesjonsvedtak av 14.01.1999, der Statnett SF fekk løyve til å bygga og driva ein ca 102 km lang kraftleidning mellom Skåreheia i Birkenes og Holen kraftstasjon i Bykle, i Birkenes, Froland, Åmli, Bygland, Valle og Bykle kommunar, Aust-Agder fylke.

Vi viser elles til EK-notat 24/98, godkjenninga av dei utførte konsekvensutgreiingane av 04.06.1997 og 13.01.1998, Statnett SF sin søknad av 06.08.1997 og tilleggssøknad av 14.09.1998.

NVE har motteke 15 klager på konsesjonsvedtaket. I tillegg har DN i brev av 09.02.1999 og 10.02.1999 bedt NVE om å omgjera vedtaket når det gjeld val av trasé mellom Hisdalen og Holen kraftstasjon i Bykle kommune. Statnett SF har i brev av 26.03.1999 kommentert dei fleste av klagen. Samtlege klager er samanfata og kommentert i vedlagt EK-notat 14/99.

Dei fleste av klagarane er i mot at leidningen skal byggjast av omsyn til m.a. konsekvensane for miljø og naturressursar. Hovudtyngda av klagen gjeld kompensering og avbøtande tiltak, som t.d. bruk av mørke kraftleidningskomponentar, utsetjing av fugl, næringsfond og vegar. To av klagarane og Direktoratet for naturforvaltning ber om at ein vel traséalternativ 2.2 framfor alt. 2.2.1, mellom Hisdalen og Holen kraftstasjon i Bykle kommune.

NVE kan ikkje sjå at nokon av klagen endrar på føresetnadene som låg til grunn for NVE sitt konsesjonsvedtak av 14.11.1998, jfr. EK-notat 24/98.


Etter ein samla vurdering av klagen finn NVE ikkje grunnlag for å oppheva eller endra vedtaket av 14.01.1999. Ut frå ei samla samfunnsmessig vurdering er det etter vårt syn riktig å forsterka forsyninga til Kristiansandsområdet og tilknytingspunkta for dei nye kablane til kontinentet, ved å byggja ein ny 420 kV leidning mellom Skåreheia og Holen kraftstasjon. Vi kan ikkje sjå at nokon av dei alternative tiltaka kan tilrådest ut frå omsynet til kostnader og krava til fleksibilitet med omsyn til drift og utnytting av dei tre planlagde overføringane til Tyskland og Nederland og det norske kraftsystemet.

Den konsesjonsgjevne løysinga inneber etter vår vurdering at ein har funne gunstige traséløysingar mellom Skåreheia og Holen kraftstasjon. Omsynet til omgjevnadene er ivareteke gjennom vilkåra for

løyvet. Vi meiner av denne grunn at den konsesjonsgjevne løysinga medfører, samfunnsmessig sett, akseptable miljøverknader.

./ Saka med alle dokumenter vert med dette oversendt Olje- og energidepartementet for handsaming. Vi ber om at saksdokumenta vert returnert når saka er avslutta.

Med helsing



Agnar Aas
Vassdrags- og
energidirektør



Kristian Løkke
avdelingsdirektør

Kopi: Miljøverndepartementet og alle som har klaga på NVE sitt vedtak, jfr. vedlagt liste.

Adresseliste

Miljøverndepartementet

Statnett SF

Fylkesmannen i Aust-Agder

Aust-Agder fylkeskommune

Bygland kommune

Valle kommune

Åmli kommune

Froland kommune

Bykle kommune

Direktoratet for Naturforvaltning

Samarbeidsrådet for Naturvernsaker

Grunneigarutvalet for Froland, Åmli, Bygland, Valle og Bykle v/Anders Dalseg

Grunneigarlaget i Åmli, Berg og Bø v/Olav Bø, Eivind Berg og Jon Ødeskog

Grunneigarane i Sandnes Sokn v/Knut Haugetveit

Jon No. Løyland

Gunnar J. Gakkestad

Halvard T. Bjørgum

Folke Trydal m.fl.

Kåre Askildsen

EK - notat nr. 14/99

Til:	Olje- og energidepartementet		Middelthuns gate 29
Saksansvarleg:	Arne Olsen	Sign.: <i>Arne Olsen</i>	Postboks 5091 Majorstua 0391 OSLO
Sakshandsamar:	Bjarte Guddal	Sign.: <i>Bjarte Guddal</i>	Telefon: 22 95 95 95 Telefaks: 22 95 90 00 E-post: nve@nve.no Internett: www.nve.no
Dato:	12.05.1999		Org. nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 0827 10 14156
Vår ref.:	NVE 9703043-163 ek/bgu		
Arkiv:	912-513.1/Statnett SF		
Kopi:	Miljøverndepartementet og alle som har påklaga NVE sitt vedtak m.fl.		

Statnett SF 420 kV ledning Skåreheia - Holen kraftstasjon NVE sitt vedtak av 14.01.1999 - samanfating og kommentarar

1. Innleiing

Formålet med dette notatet er å samanfatta innkomne klager på NVE sitt konsesjonsvedtak av 14.01.1999 for 420 kV ledningen mellom Skåreheia og Holen kraftstasjon og å gje NVE sine vurderingar av desse. Det konsesjonsgjevne anlegget går frå Skåreheia i Birkenes kommune, via Froland, Åmli, Bygland og Valle kommunar, til Holen kraftstasjon i Bykle kommune

Konsesjonsvedtaket av 14.01.1999, EK-notat 24/98 og godkjenninga av dei utførte konsekvensutgreiingane av 04.06.1997 og 13.01.1998, klagene og konsesjonæren sine merknader til desse av 26.03.1999 utgjer underlaget for dei vidare drøftingane.

Følgjande 15 partar har påklaga NVE sitt konsesjonsvedtak av 14.01.1999:

Aust-Agder fylkeskommune	19.01.1999 (28.01.1999).
Jon No. Løyland	28.01.1999.
Grunneigarlaget i Åmli, Berg og Bø	01.02.1999
Bygland kommune	03.02.1999 (23.02.1999).
Valle kommune	04.02.1999.
Gunnar J. Gakkestad	06.02.1999.
Grunneigarane i Sandnes Sogn	08.02.1999.
Sylvartun ved Halvard T. Bjørgum	08.02.1999.
Halvard T. Bjørgum	09.02.1999.
Folke Trydal m.fl.	09.02.1999.
Samarbeidsrådet for Naturvernsaker	09.02.1999.
Grunneigarutvalet for Froland, Åmli, Bygland, Valle og Bykle	22.02.1999
Åmli kommune	24.02.1999.
Kåre Askildsen	01.03.1999.
Froland kommune	09.03.1999.

Klagene er samanfatta og kommentert i kap. 2 nedanfor

Knut F. Uppstad, Vennesla kommune og Statens Vegvesen har i brev av 21.01.1999, 28.01.1999 og 01.03.1999 kommentert konsesjonsvedtaket. Ingen av disse har vesentlege merknader til NVE sitt konsesjonsvedtak av 14.01.1999.

I tillegg har Direktoratet for Naturforvaltning (DN) i brev 09.02.1999 og 10.02.1999 bedt om at NVE omgjer sitt vedtak for traséalternativ 2.2.1 i Bykle kommune. Bygland kommune har i brev av 23.03.1999 oversendt protokolltilførsel frå vedtak i Bykle kommune sitt sektorutval for plan og utvikling. Fylkesmannen i Aust-Agder har i brev 10.03.1999 kommentert Bygland kommune sin klage i saka. DN, Fylkesmannen i Aust-Agder og Bykle kommune sine innspel i saka er samanfatta og kommentert i kap. 3.

2. Innkomne klager – våre merknader

Nedanfor har vi samanfatta og gjeve vår vurdering av kvar av dei 15 innkomne klagenes, ordna etter klagedato. Samanfatninga av klagenes er presentert med tekstinnrykk og kursiv.

Hovudmengda av teksten i klagenes er gjentak av innhaldet i fråsegnene til konsesjonssøknaden. I denne samanheng vil vi visa til EK-notat 24/98, kap. 2.

2.1. Aust-Agder fylkeskommune

Aust-Agder fylkeskommune, ved fylkesutvalet, ber i klage av 19.01.1999 (klagebrev sendt 28.01.1998) om at dei samla konsekvensane for samfunnet i langt større grad blir ivareteke og at regionen sine vedtak i større grad vert respektert i samband med klagehandsaminga.

Vi har ingen kommentarar til Aust-Agder fylkeskommune sin klage i saka, utover at NVE sitt konsesjonsvedtak i saka er tufta på ein samla vurdering av innkomne merknader til søknaden av 06.08.1997 og tilleggssøknaden av 14.09.1999, samt ein omfattande gjennomgong av nasjonale, regionale og lokale tilhøve.

2.2. Jon No. Løyland

Jon No. Løyland sin klage av 28.01.1999 vedkjem traséval mellom Brøkke kraftstasjon og kommunegrensa mot Bykle m.m.

- *Ynskjer leidningen bort frå dalsida og inn i heia for å skåne grunneigarar og bygdefolk for inngrep i næringsverksemd, skogbruk, jakt og utleige av stølar og hytter.*
- *Statnett sine vurderingar er etter hans vurdering i for stor grad prega av økonomiske forhold og ein bit for bit politikk, på tvers av intensjonane med KU-systemet.*
- *Meiner omsynet til Håvestøyl med tre stølar og fem stølsbuer/hytter er for lite vektlegg, og poengterer at stølen er lett tilgjengeleg og mykje nytta, til beite-, jakt-, ferie- og fritidsformål.*
- *Meiner at ein ikkje har omsyneteke kulturminne - eldre stølsbuer, kulturlandskap og ei høytu frå 1600 talet ved Håvestøyl.*
- *Still spørsmål ved framgangsmåten til ein kar som hevdar han er formann i eit grunneigarlag for Dale, Løyland og Røysland, som etter Løyland si meining ikkje eksisterer.*
- *Meiner at Statnett burde ha vore meir kritisk til sine kjelder og søkt eit meir konstruktivt samarbeid.*

- *Sluttar seg til grunneigarane på Bø, Åmli og Berg som ynskjer leidningen lengre inn i heia.*

Vi kan ikkje sjå at Løyland kjem med ny informasjon i saka som rokkar ved vurderingane som låg til grunn for NVE sitt konsesjonsvedtak i saka, jfr. m.a. EK-notat 24/98 kap 5.7.4 og 5.7.7. Vi vil likevel sitere følgjande frå Statnett sine kommentarar til Jon No. Løyland sin klage:

"Håvestøyl er registrert og omtalt som lokalitet 52 og 53 i kulturminnerapporten "Over støyl og stein" av 11.07.97. Konfliktene ved passering av bl.a. Håvestøyl er også omtalt i konsekvensutredningen av 06.08.97 (kap. 5) og i tilleggssøknaden av 14.09.98 (kap. 5.1.).

Ledningens passering gjennom Håvestøylkvæven vil virke negativt inn på Håvestøyl. Når vi først må gjennom dette området...., har vi derfor valgt å legge traséen bak støylen slik at den ikke ligger i utsiktsretningen. Avstanden mellom ledningen og den nærmeste støylen er ca 130 m....

For øvrig vil vi påpeke at vi ikke har mottatt noen uttalelse fra omtalte grunneierlag på Dale, Løyland og Røysland, men derimot en fellesuttalelse fra 11 grunneiere i nevnte område av 06.08.96 signert Svein Røysland og uttalelse fra grunneiermøte på Dale, Løyland og Røysland av 16.12.97, signert Pål Dale. Det har under hele prosessen vært full klarhet i at Jon No. Løyland, som den største direkte berørte grunneier i dette området, ikke har gitt sin tilslutning til disse uttalelsene. Dette har kommet tydelig frem gjennom brev og ikke minst gjennom flere åpne møter i Valle."

2.3. Grunneigarlaget i Åmli, Berg og Bø

Grunneigarlaget i Åmli, Berg og Bø sin klage av 01.02.1999 vedkjem traséval mellom Brokke kraftstasjon og kommunegrensa mot Bykle m.m.

- *Meiner at ein 420 kV kraftleidning vil dominera opplevinga og synsinntrykket av Hyledalen.*
- *Meiner at ledningen vil representere ein fare for rype og skogsfugl.*
- *Meiner at kablane bør førast heilt fram til Ryfylke i sjø, slik at ein unngår ein ny kraftleidning gjennom Setesdalen.*
- *Føreslår å leggja leidningstraséen til austsida av Setesdalen, og meiner m.a. at det er lite hytter og stølsbuer i dette området og at området er sterkt prega av menneskelege inngrep ved oppdemning, hyttebygging og liknande.*
- *Dersom kraftleidning skal førast på vestsida av Setesdalen bør ein spare Hyledalen og leggja kraftleidningen etter alt. 4.3 til Stavskar og deretter alt. 4.1 til Ljosådalen. Meiner at ei lik løysing er betre eller likeverdig med den konsesjonsgjevne løysinga og at økonomi er den einaste innvendinga mot ei slik løysing.*

NVE kan ikkje sjå at grunneigarlaget kjem med nye moment i saka, som rokkar ved føresetnadene som ligg til grunn for NVE sitt konsesjonsvedtak. Vi vil i denne samanheng visa til EK-notat 24/98 og då spesielt kap. 5.3.3 der alternative systemløysingar vert vurdert, 5.7.3 og 5.7.4 der vi gjer våre vurderingar av dei omsøkte traséløysingane og kap. 5.7.6 og 5.7.7 der alternative traséløysingar aust og vest for Setesdalen vert vurdert.

2.4. Bygland kommune

Kommunestyret i Bygland kommune vedtok 03.02.1999 at formannskapet skulle utforma ein klage på NVE sitt konsesjonsvedtak. Klagen av 23.02.1999 vedkjem tilhøve mellom fugl og kraftleidningar. Bygland kommune ynskjer og eit næringsfond og veg mellom Tovdal og Bygland.

- *Bygland kommune krev at følgjande vilkår vert teke inn i konsesjonen:*
 - *Statnett skal løne ein fagperson som har som oppgåve å gje Statnett tilrådingar for å redusere skadeverknadene for skogsfugl og rype under bygging og drift av kraftleidningen.*
 - *Kontorstad skal vera i Bygland kommune.*
 - *Som kompensasjon for kontorhald, reiser, utstyr m.m. skal Statnett betala eit tillegg på 75 % til vertskommunen.*
 - *Sentrale arbeidsoppgåver for ein slik fagperson vil vera rådgjeving ved detaljplanlegging av leidningen og vurdering av utsetjing av fugl.*
 - *Sentrale målsetjingar ved prosjektet vil vera å estimera kollisjonsomfanget, konsekvensane for fuglebestanden, vurdere utsetjing av fugl som kompenserande tiltak m.m.*
 - *At det vert oppretta ei styringsgruppe for prosjektet, samansett av representantar frå byggherre, faginstusjonar, involverte kommunar og grunneigarar.*
- *Dersom departementet meiner at samfunnsøkonomiske interesser tilseier at anlegget bør byggjast, krev Bygland kommune at dei lokale skadeverknadene vert kompensert med eit kommunalt næringsfond.*
- *Bygland kommune støttar og opp om Åmli kommune sitt krav om at bygging av veg frå Tovdal til Bygland vert teke inn i konsesjonsvilkåra.*

Det er eit faktum at kraftleidningar kan utgjera ein mortalitetsfaktor for m.a. rovfuglar, vadefuglar og hønsfuglar, jfr. EK-notat 24/98 kap 6.2 der tilhøve til fugl er drøfta.

Frå Statnett sin kommentarar til klagen vil vi sitera følgjande:

"mange hønsfugler dør som følge av kollisjon med kraftledninger. Nyere studier tyder på at dette også kan ha innflytelse på bestanden, - likeledes som jakt, og i enda større grad enn predatortrykk og vær/klima i yngleperioden kan ha det. Selv om undersøkelser skulle konkludere med en bestandsreduksjon, så er det etter Statnetts syn lite aktuelt å sette ut fugl. Erfaring tilsier at dødelighet etter en slik utsetting er høy, og at det neppe vil innvirke på bestanden, utover at det eventuelt kan øke jaktutbyttet dersom utsetting foretas like før jaktstart...."

Et eventuelt forskingsprosjekt....måtte bli meget omfattende. Dette vil først og fremst være et prosjekt av generell interesse, og vil etter vår vurdering ikke være tiltaksorientert. Dvs. avbøtende tiltak er likevel neppe aktuelt selv om en skulle finne at dødelighet gir en bestandsreduksjon...."

Vi kan ikkje sjå at Bygland kommune sin klage eller Statnett sine kommentarar til klagen endrar på føresetnadene som ligg til grunn for NVE sitt vedtak i saka. Vi vurderer det av denne grunn som uaktuelt å setja ut skogshøns/rype som erstatning for fugl som vert drepne av kraftleidningen eller å setje ytterlegare vilkår for å redusere kollisjonsomfanget, jfr. EK-notat 24/98 kap. 6.2.

Det skisserte forskingsprosjektet vil etter vår vurdering kunne auke kunnskapsnivået om tilhøve mellom kraftleidningar og skogshøns/rype, og då spesielt med tanke på kollisjonsomfang og bestandspåverknad. Vi er derimot av den oppfatning at dette ikkje aktualiserer endringar i utforminga av det konsesjonsgjevne anlegget, som til dømes traséjusteringar, bruk av fugleavvisarar eller utsetjing av fugl.

Då undersøkingane etter vår vurdering ikkje vil påverke utforminga av det konsesjonsgjevne anlegget, finn NVE ikkje grunnlag for påleggja Statnett å finansiere det føreslegne FoU-prosjekt.

NVE har dei siste åra har gjeve støtte til ein rekke forskingsprosjekt om kraftleidningar og fugl. I tillegg har Kjetil Bevanger laga ein rapport for NVE i 1995: "Kraftledningar og fugl", der det m.a. vert gjeve ein oversikt over problemstillingar knytt til kollisjonar og tiltak for å redusera kollisjonar. NVE vil og i åra som kjem bidra til å auka kunnskapsnivået om slike og liknande problemstillingar. Vi vil og understreka at forskning må gjerast uavhengig av konkrete utbyggingssaker.

Når det gjeld Bygland kommune sitt krav om eit næringsfond vil vi visa til gjennomgangen av Valle kommune sin klage i kap. 2.5. Når det gjeld kravet om veg mellom Tovdal og Bygland vil vi visa til gjennomgangen av Åmli kommune sin klage i kap. 2.13.

2.5. Valle kommune

Valle kommune sin klage i saka av 03.02.1999 vedkjem avbøtande tiltak, kompensasjon, næringsfond, kontaktutval m.m. Advokatfirmaet Hjort DA har i brev av 20.04.1999 kommentert og supplert Valle kommune sin klage i saka.

- *Meiner at NVE sitt vedtak viser at storsamfunnet sine overordna interesser er tyngre vektlagt enn dei skader og ulemper prosjektet medfører lokalt og regionalt.*
- *Ser positivt på dei avbøtande tiltaka som NVE har fastsett om fargesetting og komponentval, omsyn ved trasérydding, vegetasjonsskjermer m.m., men finn ikkje dei avbøtande tiltaka tilstrekkelege.*
- *Kommunen kan heller ikkje sjå at lokal samfunna og grunneigarane i kommunen vert kompensert på rimeleg vis i høve til de ulemper ein vert påført.*
- *Kommunene krev på dette grunnlag:*
 - *At kraftleidningen vert lagt i jordkabel på ei ca. 5 km lang strekning ved kryssing av Setesdalen og at ein ser dette i samanheng med ei kabling av Brokkeleidningen når konsesjonen for denne går ut i 2004.*
 - *Bruk av mørke kratleidningskomponentar ved passering av Håvestøylkvæven.*
 - *Ein plan for vegetasjonsskjermer og redusert rydding for heile kommunen.*
 - *At det vert gjennomført eit overvakingsprogram for fugl, der trongen for t.d. utsetjing av skogsfugl vert vurdert.*
 - *Eit infrastruktur- og næringsutviklingsfond på ca 10 mill. kr for t.d. utbygging innan landbruket, infrastruktur i hytteområde og aktivitetstilbud og kulturlandskapstiltak.*
 - *Eit generelt næringsfond på 5 mill. kr.*
 - *At Statnett forpliktar seg til å inngå ein avtale med vertskommunen der m.a. tiltak for lokalsamfunn og grunneigarar er omtalt.*
 - *At det vert oppnemnt eit kontaktutval mellom utbyggjar, Valle kommune og grunneigarane som skal drøfte aktuelle saker i utbyggingssperioden.*

Vi kan ikkje sjå at Valle kommune sin klage i saka rokkar ved dei vurderingar som ligg til grunn for NVE sitt vedtak i saka.

Når det gjelder Valle kommune sine krav om kompensasjon og avbøtande tiltak vil vi kommentera følgjande:

Kabling ved kryssing av Setesdalen:

NVE kan ikkje sjå at Valle kommune sin klage rokkar ved dei vurderingar NVE har gjort i kap. 5.5 5.7.2 og 6.7 i EK-notat 24/98.

NVE vil i denne samanheng visa til Statnett sin kommentar til klagen:

"Ønsket om kabling av ledningen.... ble omtalt i kap. 6.1 i vår tilleggsøknad av 14.09.1998. Statnett går imot en slik løsning først og fremst ut i fra økonomiske årsaker, og er enig i de

vurderinger som NVE gir i EK-notat 24/98, kap. 6.7, jfr. kap. 5.5. En 5 km lang kabelstrekning vil i dette terrenget anslagsvis koste 200-250 millioner kr. Normalt vil kabling av en slik ledning med 3 kabelsett koste ca kr. 41 millioner pr km (jfr. NVE publikasjon "Jordkabel som alternativ til luftledning", 1993). Vi må her forutsette 3 kabelsett dimensjonert for en overføringskapasitet på 2000 MW. Luftledningen er dimensjonert for ca 2800 MW (termisk grenselast sommer). På grunn av bratt terreng/dårlige adkomst forhold vil det også bli relativt korte kabellengder og mange skjøter, - noe som øker kostnadene."

Kostnadsanslaga er etter NVE si vurdering gode, sjølv om ein har relativt lite erfaringstal for denne type anlegg. Vi vil likevel understreka at marknadsprisen på denne type kablar varierer relativt mykje, som fylgje av bl.a. varierende etterspurnad og metallprisar. Ei vidare utgreiing av alternativet vil av denne grunn ikkje gje nemneverdig betre kostnadsanslag.

Mørke kraftleidningskomponentar i Håvestøylskvæven:

Når det gjeld kravet om farga kraftleidningskomponentar ved passeringa av Håvestøylskvæven, vil vi visa til EK-notat 24/98 kap. 6.6, der slike løysingar er vurdert. Statnett sine standard stålmaster er etter vår vurdering godt eigna ved passeringa av Kvinuten og Håvestøylskvæven, då ein har relativt mykje fjell i dagen og ein bakgrunn dominert av grå (lyse) fargetonar.

Vegetasjonsskjermer:

Vi vil i denne samanheng slutte oss til Statnett SF sine vurderingar av klagen:

"Valle kommune ønsker en plan for vegetasjonsskjerm for hele traséen og ikke bare ved kryssing av Setesdalen. Konesjonsvilkårenes krav om plan for vegetasjonsskjerm er knyttet opp mot skog og vegetasjon utenfor ledningens normale ryddebelte og byggeforbudsbelte. Dette betinger avtaler som reduserer grunneierens råderett over arealer til dels langt borte fra ledningstraséen. Dette bør etter vår vurdering kun benyttes i særlig "sårbare" områder. Vi kan ikke se at det er andre områder enn det som omfattes av konsesjonsvilkårene, som kan forsvare en slik innskrenkning av grunneierens råderett utenfor kraftledningstraséen."

Trasérydding

Vi kan ikkje sjå at Valle kommune sin klage endrar på føresetnadene som ligg til grunn for NVE sit vedtak i saka, jfr. EK-notat 24/98 kap 5.6 og 6.4. Vi vil understreka at konsesjonsvilkåra sikrar at all trasérydding skal gjennomførast på ein skånsam måte, jfr. vilkår 1, bokstav b, i anleggskonsesjonen av 14.01.1999.

Fugl

Når det gjeld Valle kommune sitt krav om etterundersøking med tanke på registrering av fuglar som er drepne som fylgje av kollisjon med kraftledningen og utsetjing av fugl, vil vi visa til gjennomgangen av Bygland kommune sin klage, jfr. kap. 2.4.

Næringsfond og liknande former for økonomisk kompensasjon:

I saker som har vore handsama etter energilovgjevningen har det ikkje blitt sett vilkår om næringsfond eller andre former for økonomisk kompensasjon til kommunar eller andre som ikkje vert direkte råka av konsesjonsvedtaket. Denne saka gjev etter vår vurdering ikkje grunnlag for å endre på denne praksisen.

Vi vil i denne samanheng understreka at råka grunneigarar og rettshavarar, får økonomisk kompensasjon gjennom minnelege avtalar eller som et resultat av ein skjønnsprosess.

Kontaktutval:

Vi forutsett at Statnett vil ha eit nært samarbeid med kommunane, grunneigarane og andre som vert råka av utbygginga. Kontaktutval kan i denne samanheng vera eit av fleire reiskap for eit godt og funksjonelt samarbeid.

2.6. Gunnar J. Gakkestad

Gunnar J. Gakkestad, sin klage i saka av 06.02.1999 vedkjem traséval ved Hovatn i Bygland kommune:

- *Ynskjer at leidningen skal leggjast på vestsida av Brokkeleidningane, då ei løysing på austsida vil ta bort ein del av utsikten for hytta hans ved Hovatn.*
- *Understrekar at den konsesjonsjevne leidningen vil bli langt høgare enn den gamle og difor vil ruve meir.*

NVE vil slutta seg til Gakkestad sine vurderingar, når det gjeld kva løysing som vil vera best for hytta hans ved Hovatn. Vi kan derimot ikkje sjå at klagen rokkar ved dei vurderingar som ligg til grunn for NVEs konsesjonsvedtak av 14.01.1999, jfr. EK-notat 24/98 kap. 5.6.5, der omsynet til skogen på nedsida/vestsida av eksisterande Brokkeleidningar og lokalbefolkninga/grunneigarane sine ynskjer vart tillagt størst vekt. Vi vil i denne samanheng og visa til gjennomgangen av klagen til grunneigarane i Sandnes sokn nedanfor.

2.7. Grunneigarane i Sandnes sokn

Grunneigarane i Sandnes Sokn sin klage i saka av 08.02.1999 vedkjem traséval frå grensa mot Bygland sokn til Tverråni i Sandnes sokn.

- *Ynskjer at 420 kV leidningen skal gå på austsida av dei eksisterande Brokkeleidningane på strekninga frå grensa mot Bygland sokn til Tverråni.*
- *Ynskjer farga master og liner.*

Vi vil i denne samanheng sitere følgjande frå Statnett sine kommentarar til klagen:

"....Når NVE harvalgt å etterkomme grunneierna i Sandnes Sokn sitt ønske om å ligge på østsiden sør for Hovatn, er Statnett av den oppfatning at den konsesjonsgitte løsningen med kryssing over Brokkeledningene ved Tverråna er både anleggsmessig og landskapsmessig å foretrekke fremfor en slik løsning vest for Vøylevatn....For å unngå langvarig utkopling av Brokkeledningene, er det behov for å komme inn med tungt utstyr til kryssingspunktene....en kryssing ved Tverråni blir landskapsmessig bedre enn vest for Vøyle, der kryssingsmasta vil ruve på toppen av en rygg og sees godt på langt hold."

NVE vil slutte seg til Statnett sine vurderingar, og frårå ei kryssing av dei eksisterande Brokkeleidningane ved grensa mellom Sandnes og Bygland sokn vest for Vølevatn. NVE vil i denne samanheng understreka området vest for Vølevatn er langt dårlegare eigna for ei kryssing med Brokkeleidningane enn området ved Tverråni, der topografien/landskapet legg forholde til rette for ei slik kryssing.

Når det gjeld kravet om farga kraftleidningskomponentar på den aktuelle strekningen gjennom Sandnes sokn, vil vi visa til EK-notat 24/98 kap. 6.6 der ei slik løysing er vurdert. Vi kan ikkje sjå at Sandnes sokn sin klage i saka, rokkar ved NVE sine vurderingar i saka.

2.8. Sylvartun

Sylvartun, w/Hallvard T. Bjørgum sin klage i saka av 08.02.1999 vedkjem kryssinga av Setesdalen i Valle kommune.

- *Ynskjer ei kabelløysing, då ein luftleidning over Setesdalen vil vera godt synleg og i konflikt med turistnæringa på Sylvartun.*
- *Krev kompensasjon dersom luftleding vert ein realitet.*

Når det gjeld krava om kabling ved kryssinga av Setesdalen vil vi visa til gjennomgangen av Valle kommune sin klage i saka i kap. 2.5.

NVE har utover dette ingen merknader til denne klagen, utover at den ikkje rokkar ved vurderingane som ligg til grunn for konsesjonsvedtaket av 14.01.1999, jfr. EK-notat 24/98 kap. 5.7.2 og 6.7.

2.9. Hallvard T. Bjørgum

Hallvard T. Bjørgum sin klage av 09.02.1999 vedkjem kryssinga av Setesdalen i Valle kommune.

- *Protesterer mot konsesjonsgitt 420 kV leidningen og krev kompensasjon.*
- *Opprettheld tidlegare innspel i saka i tilknytning til m.a. høringa av konsesjonssøknaden.*

NVE har ingen merknader til denne klagen, utover at den ikkje rokkar ved vurderingane som ligg til grunn for konsesjonsvedtaket av 14.01.1999, jfr. EK-notat 24/98 kap. 5.7.2 og 6.7.

2.10. Folke Trydal m.fl.

Folke Trydal m.fl. sin klage i saka av 09.02.1999 vedkjem traséval mellom Hisdalen og Holen kraftstasjon i Bykle kommune.

- *Meiner at dei faglege argumenta for å velja traséalternativ 2.2.1. totalt sett er langt svakare enn for å velja traséalternativ 2.2.*
- *Meiner det må brukast farga kraftleidningskomponentar gjennom Bykle kommune, og viser til at meirkostnadene er små i høve til totalkostnadene for prosjektet.*
- *Etter Trydal si vurdering er den visuelle verknaden av alt. 2.2 frå Kyrkjebygda heller små, og viser til at dette har vore hovudankepunktet mot løysinga frå Bykle kommune.*
- *Alt. 2.2. bør veljast av omsyn til føreslått verneområde, Steinheii kalvingsområde og Hisdalens og høyyfjellets kultur- og landskapskvalitetar.*
- *Meiner at alt. 2.2 er betre for skogsfuglen i Hisdal.*
- *Viser til at Statnett meiner at alt. 2.2 er betre enn 2.2.1 med tanke på klima og drift.*
- *Finn det merkverdig at Riksantikvaren i si fråsegn ikkje har lagt vekt på at dei verneverdige gardsområda i Hisdal og Lille-Hisdal.*

Vi konstaterer at Trydal meiner at trasealt. 2.2. er betre enn konsesjonsgjeve traséalternativ 2.2.1 mellom Hisdalen og Holen kraftstasjon. Etter vår vurdering endrar ikkje Trydal sin klage, eller klagen til Samarbeidsrådet for Naturvernsaker som ynskjer den same løysinga, på føresetnadene som ligg til grunn for NVE sitt konsesjonsvedtak, jfr. EK-notat 24/98 kap. 5.7.5. Vi finn på denne bakgrunn ikkje grunnlag for å gjera om vårt konsesjonsvedtak av 14.01.1999.

Når det gjeld kravet om farga kraftleidningskomponentar på den aktuelle strekningen gjennom Bykle kommune, vil vi visa til EK-notat 24/98 kap. 6.6 der slike løysingar er vurdert. NVE vil i denne samanheng understreka at dei omsøkte kraftleidningstraséane gjennom Bykle kommune går i områder

med mykje fjell i dagen. Kraftleidningen vil av denne grunn i hovudsak ha ein bakgrunn dominert av grå (lyse) fargetonar, der Statnett sine standard stålmaster etter vår vurdering er godt eigna.

2.11. Samarbeidsrådet for naturvernsaker

Samarbeidsrådet for naturvernsaker (SRN) sin klage i saka av 09.02.1999 vedkjem sjølve vedtaket, alternative systemløyisingar, og traséval mellom Hisdalen og Holen kraftstasjon i Bykle kommune.

- *Meiner at etablering av den konsesjonsgjevne kraftleidningen har så store konsekvenser for natur og miljø at konsesjonen ikkje kan forsvarast.*
- *Meiner at vedtaket strir mot ein rekke internasjonale konvensjonar og stortingsmeldingar, rikspolitiske retningslinjer for verna vassdrag og forvaltningslova, og at NVE ikkje har teke tilstrekkeleg omsyn til natur og miljø. Det vert og vist til føre-var-prinsippet.*
- *Meiner at planprosessen som ligg til grunn for NVE sitt vedtak er basert på ein bit for bit policy.*
- *Viser til at traséalternativ 2.2.1 mellom Hisdal og Holen kraftstasjon råkar det planlagde verneområde i Setesdal Vesthei – Ryfylkeheiane, og at leidningen vil vera i strid med verneformålet. Viser vidare til at den konsesjonsgjevne kraftleidningen råkar eit område utan naturinngrep (sone 1) på den samme strekningen.*
- *Meiner at kraftleidningen utgjør ein trussel mot ein rekke raudliste artar, at kraftleidningen vil vera i konflikt med eit samanhengande område i Bykle, Valle og Bygland, Njardarheimen, som er varig verna mot vassdragsutbygging (verna vassdrag).*
- *Meiner at alternative løyisingar ikkje er godt nok utgreidd, m.a. opprusting av 300 kV leidningen på strekninga Arendal- Solholm – Duge med permanent tilknytning av den nye kraftleidningen mellom Kristiansand og Skåreheia, og kabling på strekningen Brokke – Holen som alternativ til luftleidning.*
- *Set spørjeteikn ved Statnett og NVE sine kostnadsanslag for jordkabel løyisingar.*
- *Viser spesielt til at leidningen råkar Europas sørlegaste villreinstamme. Er spesielt kritisk til traséføring i Steinheii kalvingsområde, mellom Hisdal og Holen kraftstasjon.*
- *SRN krev at det vert utført tilleggsutgreiingar for alternative løyisingar. Sekundært krev SRN at ein vel alt. 2.2 mellom Hisdal og Holen, og at ein sanerer Brokkeleidningane.*

Vi kan ikkje sjå at SRN sin klage endrar på føresetnadene som ligg til grunn for NVE sitt konsesjonsvedtak.

Når det gjeld val av trasé mellom Hisdalen og Holen kraftstasjon vil vi visa til gjennomgangen av Folke Trydal m.fl. sin klage i saka i kap. 2.10.

Når det gjeld kravet om ei grundigare utgreiing av kabelalternativet, og manglande tillit til NVE sine kostnadsvurderingar, vil vi visa til gjennomgangen av Valle kommune sin klage i saka i kap. 2.5. Kostnadseksempelet SRN viser til i NOU 1998:11: "Energi- og kraftbalanse mot 2020", tabell 28.4, gjeld berre for eitt kabelsett. For å leggja den omsøkte 420 kV leidningen i Setesdalen i jordkabel og oppretthalde naudsynt overføringseemne, treng ein 3 slike kabelsett.

SRN sitt ynskje om opprusting av 300 kV leidningen på strekninga Arendal-Solholm-Duge til 420 kV, med permanent tilknytning til ny 300 (420) kV leidning mellom Kristiansand transformatorstasjon i Vennesla kommune og Skåreheia i Birkenes kommune, er berre aktuelt som alternativ til

konsesjonsgjeven løysing, dersom ein samstundes gjer forsterkingar i den såkalla vestre korridoren. NVE frårår slike løysingar, jfr. EK-notat 24/98 kap. 5.3.3, der ulike forsterkningstiltak i ein vestre korridor vert vurdert.

2.12. Grunneierutvalget

Grunneierutvalget for Froland, Åmli, Bygland, Valle og Bykle sin klage av 22.02.1999 vedkjem tilhøve mellom skogsfugl og rype og kraftleidningar.

- *Viser til at den konsesjonsgjevne kraftleidningstraséen vil gå gjennom områder for skogsfugl og rype, og at kraftleidningen vil utgjera ein kollisjonsrisiko.*
- *Meiner NVE må påleggja konsesjonæren å gjennomføre tiltak for å retta på skadene ein slik kraftleidning har på hønsfugl. Konsesjonæren bør i denne samanheng påleggjast å stilla midlar til disposisjon for å klarleggja kva negativ effekt kraftleidningen har på fuglebestanden i tillegg til oppdrett og forskning rundt utsetting av fugl.*

NVE vil i denne samanheng visa til gjennomgangen av Bygland kommune sin klage i saka, jfr. kap. 2.4

2.13. Åmli kommune

Åmli kommune sine klage av 04.03.1999 vedkjem vegen mellom Tovdal og Bygland og tilhøve mellom skogsfugl og kraftleidningar.

- *Krev at bygging av veg mellom Tovdal og Bygland vert tatt inn i konsesjonsvilkåra.*
- *Vegen vil vera ein varig verdi som vil stimulere til næringsutvikling og busetjing.*
- *Støttar Bygland kommune sitt ynskje om å få vurdert nærare kollisjonsfaren mellom skogsfugl og kraftleidningar.*

Kravet frå Åmli kommune om å byggja veg mellom Tovdal og Bygland vart og lagt fram i samband med høyringa av konsesjonssøknaden. NVE kan ikkje sjå at Åmli kommune sin klage rokkar ved vurderingane som låg til grunn for NVE sitt konsesjonsvedtak, jfr. EK-notat 24/98 kap. 6.1, der det m.a. vert understreka at NVE berre gjev konsesjon for veganlegg i den grad dei kan knytast direkte til eit energianlegg. Når det gjeld kompensasjonstiltak, som t.d. støtte til vegbygging og næringsfond, vil vi visa til gjennomgangen av Valle kommune sin klage i saka.

Når det gjeld forholdet til skogsfugl, vil vi visa til gjennomgangen av Bygland kommune sin klage i saka, jfr. kap 2.4.

2.14. Kåre Askildsen

Kåre Askildsen sin klage i saka av 01.03.1999 vedkjem konsesjonsgjevne traséløysingar m.m. Klagen vart lagt fram etter at klagefristen var gått ut.

- *Protesterer mot vurderte og konsesjonsgjevne traséløysingar, då desse løysingane gje tapte inntekter for gnr. 46 i Bygland kommune.*
- *Meiner at energilova ikkje utan vidare kan nyttast i denne type konsesjonssaker.*

Vi kan ikkje sjå at Askildsen sin klage i saka rokkar ved føresetnadene for NVE sitt vedtak i saka.

2.15. Froland kommune

Froland kommune sin klage i saka av 08.03.1999 vedkjem tilhøve mellom fugleliv og kraftleidningar. Klagen vart lagt fram etter at klagefristen var gått ut.

- *Støtter Bygland kommune sin klage i saka, med tanke på kompenserande tiltak som kan dempe skader på fugleliv.*
- *Meiner at skadeomfanget langs deler av strekningen vil bli stort, og at det i ettertid er mogeleg å peika ut områder som er meir kollisjonsutsette enn andre.*
- *Krev at det vert gjort skaderegistreringar langs linja og at ein i ettertid eventuelt vurderer skadeførebyggjande tiltak.*

Vi vil i denne samanheng visa til gjennomgangen av Bygland kommune sin klage i saka, jfr. kap. 2.4.

3. Merknader i saka – våre kommentarar

Nedanfor er merknader til NVE sitt konsesjonsvedtak av 14.01.1999 samanfata og gjennomgått.

3.1. Direktoratet for naturforvaltning

Direktoratet for naturforvaltning (DN) ber i brev av 09.02.1999 og 10.02.1999 om at NVE omgjer sitt konsesjonsvedtak i saka frå traséalt. 2.2.1 til 2.2 på strekning mellom Hisdalen og Holen kraftstasjon i Bykle kommune, av omsyn til villrein, urørt natur og planlagt verneområde for Setesdal Vesthei/Ryfylke heiane.

DN stiller spørsmålsteikn ved NVE si utøving av skjønn, og meiner at sakshandsaminga i den konkrete saka har prinsipielle sider som DN ynskjer avklart.

NVE er vel kjent med tilhøva som DN tek opp i sitt brev av 09.02.1999, jfr. EK-notat 24/98 kap. 5.7.5.

I brev av 10.02.1999 meddeler DN at følgjande setning kom inn i brev av 09.02.1999 ved ein inkurie: "Konsesjon er gitt uten at vi som ansvarlig verneplan myndighet er blitt involvert".

DN hevdar at NVE i tilknytning til den sentrale høyringa av verneplanarbeidet ikkje hadde merknader til at den aktuelle kraftleidningstraséen vil vera i konflikt med det føreslegne verneområdet for Setesdal Vesthei – Ryfylkeheiane. Dette er ikkje riktig, jfr. NVE si fråsegn av 30.09.1997, andre avsnitt, der det vert vist til NVE si fråsegn i den lokale høyringa av verneplanforslaget, der denne problemstillinga er teke opp.

I NVE si fråsegn av 01.12.1997 til den sentrale høyringa for godkjenning av fylkesdelplanen for Setesdal Vesthei – Ryfylkeheiane, er det dessutan gjort greie for den da omsøkte 420 kV leidningen mellom Skåreheia (Evjeområdet) og Holen. NVE forutset at sentrale høyringar av verneplanar og fylkesdelplanar vert samkjørt sentralt.

DN har dessutan fått tilsendt samtlege dokument i saka; melding, KU-program, konsekvensutgreiingar, konsesjonssøknaden og tilleggssøknaden. DN er med andre ord vel kjent med at fleire av dei omsøkte traséalternativa råka det føreslegne verneområdet.

DN uttalar at den konsesjonsgjevne traséen mellom Hisdalen og Holen vil redusera Steinheii kalvingsområde. Vi stiller oss undrande til på kva grunnlag DN drar ein slik bastant konklusjon, jfr. EK-notat 24/98 kap. 5.7.5.

DN meiner at NVE ikkje har vektlagt dei miljømessige sidene nok. Vi vil i denne samanheng påpeike at DN i sitt brev avgrensar dei miljømessige sidene til å omfatta føreslegne verneområder, villrein og

inngrepsfrie naturområder. DN har ikkje vurdert forhold som for eksempel landskap, naturressursar, kulturminne og dei lokale tilhøva i Bykle.

Vi vil påpeike at både alternativ 2.2.1 og 2.2 råkar urørt natur og kalvingsområde for villrein i omtrent samme grad. Alt. 2.2 vil ikkje råka det føreslegne verneområdet direkte.

Vi vil og understreka at omsynet til det føreslegne verneområdet, villrein og inngrepsfrie naturområder har vore avgjerande for traséval på strekninga mellom Brokke kraftstasjon i Valle kommune og Hisdalen i Bykle kommune.

3.2. Fylkesmannen i Aust-Agder

Fylkesmannen i Aust-Agder (FM) har i brev av 10.03.1999 kommentert den innkomne klagen frå Bygland kommune:

- *Viser til at kraftleidningar utgjer ein kollisjonsrisiko for fugl, men at omfanget er ukjent.*
- *FM meiner at ein må rekna med at kraftleidningen mellom Kristiansand og Holen vil medføre skader på skogsfugl og rype. FM meiner av denne grunn at det bør setjast i gong registreringar langs deler av leidningen for å registrere omfanget av skader på fugleviltet. På dette grunnlag meiner FM at førebyggjande/kompenserande tiltak bør drøftast.*
- *Viser til at klagen frå Bygland har fått stor oppslutnad, og at mange er opptatt av denne problemstillinga, og håper at NVE endrar konsesjonsvilkåra, slik at naudsynte heimlar vert tekne med.*

Vi vil i denne samanheng visa til gjennomgangen av Bygland kommune sin klage i saka, jfr. kap. 2.4.

3.3. Bykle kommune

Bygland kommune har i brev av 23.03.1999 oversendt protokolltilførsel frå vedtak i Bykle kommune sitt sektorutval for plan og utvikling den 08.03.1999:

"Bykle kommune ser faren for at 420 kV kraftlina Kristiansand – Holen kan få store konsekvensar for rype og skogsfugl. Det bør gjennomførast eit overvakingsprogram som ser på kollisjonsfaren mellom skogsfugl og kraftliner. I samband med dette kan utsetting av fugl vurderast."

Vi vil i denne samanheng visa til gjennomgangen av Bygland kommune sin klage i saka, jfr. kap. 2.4.